

Straum til hjernen gjev pluss i matte

Elektrisk stimulering av hjernen kan kanskje gjera deg betre i matte, viser ny studie. Tilføring av elektrisitet til hjernen førte til betring i matteprestasjonar opp til seks månader etter behandlinga – utan at andre kognitive funksjonar blei påverka. Delen av befolkninga som har moderat til alvorleg mattehemming (til dømes dyskalkuli), kan vera så høg som ein av fem. Funna gjev håp om behandling for desse, skriv *Current Biology* 4. november.

Førsteforfattar Roi Cohen Kadosh ved Universitetet i Oxford understrekar overfor ScienceDaily at han absolutt ikkje rår folk til å gå rundt og gje seg sjølv elektrisk støyt.

– Men resultatata gjer oss entusiastiske. Tidlegare har vi vist korleis ein kan påføra tidsavgrensa dyskalkuli. No ser det altså ut til at vi òg kan gjera folk betre i matte.

Metoden som blei nytta, heiter transcranial direct current stimulation (TDCS). Hjernen blir påført ei konstant svak elektrisk spenning over tid for å auka eller minska aktiviteten i nevrona. Betinginga i mattekunnskapar oppsto etter stimulering av isselappen.

Kjelde: Kadosh, R. C. et al. (2010). Modulating neuronal activity produces specific and long-lasting changes in numerical competence. *Current Biology* 19(19), 898–899.